



Jakub Matuszewski  
5937 BØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/1771 - 15/11191

Saksbehandlar:  
Katarina Birkeland  
katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:  
21.09.2015

## Informasjon om årets barne og ungdomskonferanse

Radøy kommune skal saman med barne-, ungdoms - og familiedirektoratet arrangere årets barne- og ungdomskonferanse på Scandic Ørnen i Bergen 2 og 3 november.

Konferansen er for ungdom, ungdomsråd, politikarar, lag og organisasjonar og andre som arbeider med born og unge. Tema for konferansen er utanforskap, livsmeistring og deltaking!  
Forfattar [Tore Renberg](#), poet og politikar [Yahya Hassan](#), forfattar [Linnèa Myhre](#), verdenserobrar [Samuel Massie](#) og ungdomspolitikar [Fatima Almanea](#) kjem.

Jakub Matuszewski er vald ut som ung arrangør på konferansen både måndag og tysdag.  
Ungdomskoordinatoren lager eit skriv som Jakub viser på skulen om deltakinga.

Det er vald ut 11 ungdommar som unge arrangørar og konferansierar frå Radøy. Me reiser samla til Bergen søndag 31.oktober. Meir informasjon om reisa fram og tilbake kjem seinare. Ungdommane får dekkja hotellopphald og mat under heile opphaldet. Ungdomskoordinator Katarina Birkeland og kulturrådgjevar Bente Hervik er tilstade er med ungdommane frå søndag til tysdag.

For meir informasjon sjå linken til konferansen:  
<https://viaregi.revio.no/ParticipantWeb/Registration/43183>

Ta kontakt ved eventuelle spørsmål til Katarina på mob: 90696931

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Jakub Matuszewski

5937

BØVÅGEN